

Implisitt skriftsyn i bøker om kristent ungdomsarbeid

Bård Eirik Hallesby Norheim

Førsteamanuensis i praktisk teologi, NLA Høgskulen, Bergen
bard.norheim@nla.no

Denne artikkelen analyserer det implisitte skriftsynet i bøker om kristent ungdomsarbeid. Det viktigaste funnet er at spørsmål knytt til skriftsyn sjeldan spelar ei avgjerande rolle i bøker om kristent ungdomsarbeid, men at det er behov for å vidareutvikla denne refleksjonen. Artikkelen utviklar difor ein luthersk-konfesjonell respons, der det å forstå arbeidet med Skrifta som *tentatio*, ein hermeneutisk kamp eller spenning, vert vektlagt.

Nøkkelord: Skriftsyn – youth ministry – kristent ungdomsarbeid – hermeneutikk – *tentatio*

Innleiing

Kvar kjem eit skriftsyn frå?¹ Dei færraste vil hevda at det er noko ein er fødd med. Det synet ein måtte ha på Skrifta vil for dei fleste vera noko som har vakse fram i kontrovers eller dialog med dei miljøa ein har vore aktiv i. Det heng gjerne saman med dei intellektuelle og trusmessige impulsar ein måtte ha fått. Det er også truleg at det er knytt til den forkynninga ein har fått del i. Skriftsynet vil sannsynlegvis også vera prega av eiga lesing og høyring av bibeltekstar.

Denne artikkelen har fokus på kristent ungdomsarbeid, og særleg på kva skriftsyn som kjem til uttrykk i den teologiske og prinsipielle tenkinga om kristent ungdomsarbeid, oftast kalla ”youth ministry” i den internasjonale, faglege diskursen.² Kva er poenget med å analysere nettopp denne samanhengen mellom skrift-

syn og kristent ungdomsarbeid? For det første er kristent ungdomsarbeid ein sentral praksis i kyrkja. Her skjer det mykje forkynning og bibelformidling. For det andre, så er det nettopp i kristent ungdomsarbeid mange får si avgjerande preging av tru og trusovertydingar. Det er særleg viktig dersom det *ikkje* er slik at ein er fødd med eit bestemt skriftsyn. Det bør ikkje vera kontroversielt å hevda at dei fleste utviklar hovudprega i sitt livssyn – og kanskje også det grunnleggjande i sitt skriftsyn, for dei som måtte ha det – i tida frå ein vert ungdom til ein vert (ung) vaksen. Det er også gjennom kristent ungdomsarbeid mange får sine mest fundamentale erfaringar av kva det vil seia å vera kyrkje og kva rolle Skrifta og synet på Skrifta spelar i det å vera ei kyrkje sendt med evangeliet. Dette gjeld særleg for dei som seinare vert involvert i fulltidsteneste i kyrkja.³

Frå dette perspektivet kunne det vore interessant å intervju ungdommar om skriftsyn. Det kunne også vore interessant å observera og analysa kva skriftsyn som er implisitt i ulike bibelformidlingspraksisar i kristent ungdomsarbeid. Denne artikkelen har valt å fokusera på ei anna "stemme" som formar praksisen kristent ungdomsarbeid, nemleg bøker med eit akademisk sikte, som arbeider med å utvikla ei teologisk grunntenking for kristent ungdomsarbeid. I denne artikkelen er det altså fokus på å analysa kva rolle skriftsyn spelar i eit utval sentrale bøker som utviklar teologi for kristent ungdomsarbeid, og kva skriftsyn som evt vert utvikla i desse bøkene. Dette er bøker som i større eller mindre grad fungerer som premissleverandør for tenkinga om kristent ungdomsarbeid, først og fremst internasjonalt, men også i Noreg. Dei vert brukt som pensumbøker på dei teologiske lærestadene som utdannar til teneste i kristent ungdomsarbeid som prest, kateket, ungdomspastor, trusopplærar eller ungdomsarbeidar, også i Noreg. Poenget med å analysa nettopp desse bøkene er å ta dei på alvor som ei avgjerande kjelde for den teologiske forminga av dei som skal leia og forkynna i ramma av praksisen kristen ungdomsarbeid, som altså er ein kyrkjeleg praksis som potensielt kan vera avgjerande for forminga av skriftsynet.⁴

Men kva er det eigentleg ein gjer når ein analyserer slike bøker? Det store vendepunktet i praktisk teologi dei siste tiåra har vore brotet med ein tanke om at praktisk teologi er rein applisering av teori. Ein del av dette handlar om eit oppgjer med arven etter Schleiermacher og teori-praksis-skjemaet for praktisk teologi. Eit urgammelt argument for ei slik "ny" tilnærming i praktisk teologi vil vera å visa til Prosper av Aquinitas si gamle regle: *Lex orandi est lex credendi, Lex credendi*

est lex orandi. Bønas lov er truas lov, og omvendt. Det er fleire sider ved ei slik hermeneutisk *praksis*-tilnærming til (praktisk) teologi, m.a. at teologisk refleksjon inneber at vi alltid kritisk må vurderer vår praksis, t.d. for å få innsyn i kva skriftsyn som eksplisitt og implisitt vert utfalda der, for så å vurderer denne praksisen mot openberringsvitnesbyrden i Skrifta. Eit anna viktig poeng er at *skriftbruken*, kanskje like så mykje, er minst like avgjerande som *skriftsynet* i *forminga* av ein kristen. Mykje av den akademiske refleksjonen om kristent ungdomsarbeid har nettopp eit slikt *formatio*-fokus, der vekta er på korleis sentrale kristne praksisar som bibelbruk er avgjerande for utforminga av kristent ungdomsarbeid og for forminga av menneske gjennom kristent ungdomsarbeid.⁵

Ein måte å organisera ein slik praksis-analyse på er å skjelna mellom ulike teologiske "stemmer" eller formar for (praktisk) teologi. Dette finn vi t.d. utvikla i modellen "four voices of theology." Denne modellen, som er utvikla av ei gruppe engelske teologar som har drive med aksjonsforskning knytt til kyrkjeleg praksis, er meint å gi hjelp til å skjelna mellom ulike teologiske "kjelder" eller "stemmer" og vurderer samanhengen mellom dei. Dei fire stemmene, eller ulike formane for teologisk refleksjon, er som følger:

- (1) *Espoused theology*: Det er det vi seier vi trur på, det som motiverer vår praksis.
- (2) *Operant theology*: Korleis praksisen vår avslører eller openberrer vår implisitte teologi.
- (3) *Normative theology*: Den teologien som kjem til uttrykk i ein viss tradisjon eller konfesjonell samanheng, t.d. knytt til Skrifta eller doktrinen.

(4) *Formal theology*: Teologien som vert utvikla av profesjonelle teologar.⁶

Analysedelen i denne artikkelen har fokus på den fjerde stemma i denne modellen, nemleg "formal theology". Den korte drøftingsdelen i artikkelen, utblikket, tematiserer "sømmen" mellom den fjerde stemma og den tredje stemma, nemleg korleis ein bør tenkja om dette i ramma av eit evangelisk-luthersk ungdomsarbeid. Det tredelte forskingsspørsmålet for denne artikkelen vert difor som følgjer:

- (1) Kva rolle spelar skriftsyn i eit utval bøker om kristent ungdomsarbeid,
- (2) kva skriftsyn er det evt som kjem til uttrykk, og
- (3) korleis bør ein forstå skriftsyn i ramma av eit evangelisk-luthersk ungdomsarbeid?

Sidan det er svært få av desse bøkene som tematiserer skriftsyn heilt eksplisitt, er det krevjande å skulle analysere det implisitte skriftsynet ved hjelp av meir eller mindre treffande skriftsyn-typologiar som analyseparameter – som t.d. biblisistisk, tradisjonalistisk, konservativt, liberalt, katolsk, nyprotestantisk, reformert, evangelisk-luthersk skriftsyn etc. Eg vil likevel i nokon grad gjera meg nytte av den enkle typologien Torleiv Austad har utvikla, der han skil mellom fire ulike typar skriftsyn:

- (1) *Fundamentalistisk* skriftsyn: Skrifta er ufeilbarleg og kvart ord er inspirert av Guds Ande. Nokre vil også tenkja at Skrifta er "diktert". Gud talar direkte til menneska både gjennom Skrifta som heilskap og enkelttekstane i Skrifta.
- (2) *Openberringsteologisk* skriftsyn: Gud har openberra seg gjennom historia, med sentrum i Jesus Kristus. Dette vitnesbyrdet er det Bibelen formidlar, i menneskeleg form.

(3) *Kerygmatiske* skriftsyn: Skrifta er først og fremst ei boksamling som formidlar Guds Ord gjennom forkynninga. Skrifta er ikkje Guds Ord i seg sjølv, men vert Guds Ord i forkynninga.

(4) *Religionshistorisk* skriftsyn: Skrifta er ei samling religiøse dokument på linje med andre samlingar av heilage skrifter. Skriftene hare sitt særpreg, men har ingen særskilt autoritet i høve til andre skriftsamlingar som omtalar menneskes tilhøve til Gud.⁷

I analysen vil eg også prøva å operasjonalisera dette ved å leita etter i kva grad og evt på kva måte bøkene om kristent ungdomsarbeid tematiserer og behandlar sentrale spørsmål knytt til skriftsynet, som t.d. korleis ein forstår Bibelen og dei bibelske forteljingane si rolle i kristent ungdomsarbeid, korleis ein forstår Bibelens autoritet i høve til tradisjonen, korleis ein evt forstår Bibelen som inspirert og eller ufeilbarleg (ord for ord), korleis ein vurderer samanhengen mellom Bibelen og Guds openberring, korleis ein evt forstår tilhøvet mellom GT og NT, og korleis ein i skriftsynet evt skjelnar mellom GT og NT. Men sidan det er få av bøkene som omhandlar skriftsyn direkte, er det ikkje sikkert at det er mogeleg å finna svar på fleire av desse spørsmåla.

Analyse

I utvalet av bøker til analysedelen har eg lagt vekt på tre utvalskriterier: *For det første* har eg valt ut bøker som i større eller mindre grad fungerer som premissleverandørar for den teologisk-prinsipielle tenkinga om kristent ungdomsarbeid. *For det andre* har eg lagt vekt på å velja bøker som kan vera eigna til å kasta lys over problemstillinga. *For det tredje* har eg prøvd å få til ei viss breidde i utvalet, både i høve til profil, og i høve til kontekstuell og konfesjonell bakgrunn. Bøke-

ne som her vert analyserte er difor eit rimeleg representativt utval innanfor "youth ministry"-sjangeren. Av plassom-syn for presentasjonen i artikkelen er det mange bøker eg har analysert med omsyn til det implisitte skriftsynet som ikkje vert presenterte her, først og fremst fordi dei motiva som kjem til uttrykk er dekkja inn gjennom dei bøkene som her vert presenterte.

I første del av analysen vil eg ta for meg to typiske "pensumbøker" for kristent ungdomsarbeid. Begge bøkene vert nytta som innføringsbøker ved fleire akademiske institusjonar som underviser i kristent ungdomsarbeid ("youth ministry"). Den eldste av desse to bøkene er skriva med utgangspunkt i ein amerikansk kontekst. Boka *Starting Right* (2001), er ei akademisk handbok for innføring i kristent ungdomsarbeid på tvers av ulike kyrkjesamfunn, og der forfattarane også representerer ei etter måten stor breidde i teologisk profil.⁸ Her manglar det heller ikkje på breidda av tema som vert løfta fram – ungdomsarbeid i eit kyrkjehistorisk perspektiv, ungdomsarbeid og utviklingspsykologi, innovasjon og kristent ungdomsarbeid, kristne praksisar og kristent ungdomsarbeid, fellesskap og kristent ungdomsarbeid, familie og kristent ungdomsarbeid etc. Det påfallande ved boka er at skriftsyn og skriftsynsrelaterte tema nesten ikkje vert drøfta. Kanskje er det den breie økumeniske ramma, og ein mogeleg innebygt frykt for det som kan framstå som teologisk konfliktstoff i ei felles, økumenisk bok om kristent ungdomsarbeid, som gjer at skriftsyn og bibelbruk ikkje er tematisert spesielt. Dei gongane Skrifta og skriftsynsrelatert problematikk dukkar opp er det helst implisitt og i samanheng med andre tema, ikkje som eige tema, t.d. i høve til disippelskap, død, kulturell endring, bønn, dei fattige, leiarskap og evan-

gelisering. Det er ikkje mogeleg å lesa eitt skriftsyn ut av desse meir sporadiske tilvisingane til skriftsynet, men dei få døma som er drar helst i retninga av eit openberringsteologisk eller kerygmatiske skriftsyn.⁹

Noko av det same ser ein i ei heilt ny bok frå 2014, *Christian Youth Work in Theory and Practice*. Denne boka har utgangspunkt i ein britisk kontekst, men har forfattarar frå dei fleste verdsdelar, frå ein stor breidde av konfesjonar og også ei breidde i teologisk profil.¹⁰ Boka siktar mot å ta over rolla *Starting Right* har hatt, nemleg som ei handbok eller innføringsbok for dei som skal få utdanning i kristent ungdomsarbeid. Boka har ei rekkje kapittel om ulike sider ved det å driva kristent ungdomsarbeid – som ungdomskultur, teologi, utviklingspsykologi og ungdom, kyrkja, relasjonar etc. Bibelen og særleg skriftsyn, er nesten ikkje tematisert.¹¹ Bibelbruk og skriftsyn vert i staden tematisert meir implisitt i dei kapitla som undersøker kva rolle teologisk refleksjon bør spela i kristent ungdomsarbeid. Typisk her er Graham Stantons respons til Jeremy Thomson, der Stanton tek til orde for å skjelna mellom Skrifta som "the source of theology" medan tradisjon, erfaring og fornuft er "resources for theology". I denne samanhengen viser Stanton også til "the authority of Scripture," men utan at det vert utfalda vidare. Det er i staden fokus på Skrifta som Guds sjølvopenberring i Kristus (som person). Så verken her eller på andre stadar i denne økumenisk breitt anlagte handboka er det nokon som tek til orde for meir biblisistiske tilnærmingar til Skrifta.¹²

Teologisk refleksjon om kristent ungdomsarbeid er, som vi alt har sett, ofte økumenisk anlagt, og tematiserer i liten grad korleis den konfesjonelle konteksten pregar tenkinga om kristent ungdomsar-

beid.¹³ Likevel er det viktig å sjå på korleis nokre av dei viktigaste premissleverandørane for tenkinga om kristent ungdomsarbeid, med ulike konfesjonell bakgrunn, tematiserer skriftsynsproblematikk. Bert Roebben, professor ved universitetet i Dortmund i Tyskland og den leiande katolske teologen innanfor "youth ministry"-feltet, målber i boka *Seeking Sense in the City* (2009) ein variant av eit openberingsteologisk skriftsyn og argumenterer for at Skriftas normativitet ligg i framtida: "The Bible is not an objective observation-post from the past from which the religious experience of today should be assessed. The Bible needs to "be done" in the future."¹⁴ Roebben prøver å utvikla ein meir induktiv religionspedagogikk i dialog med systematisk teologi for å ta ungdommars erfaringar på alvor. Hans hovudpoeng er at bibelske grunn-narrativ – som exodus, tid og eschaton, identitet festa i takksemd, disippelskap, skaping, frigjering, kall, synd, mot, og tørst etter evig liv – kan gi avgjerande hjelp til å fortolka menneskelege nøkkelerfaringar.¹⁵ Roebben opponerer i boka mot ei for kognitiv tilnærming til bibelundervisning for ungdom, som han også indirekte koplar til konfesjonelle og institusjonelle språkspel. I staden tek han til orde for å forstå bruken av Skrifta i kristent ungdomsarbeid som eit levande narrativ som verkar identitetsformande for eit fortolkningsfellesskap.¹⁶

Den amerikanske metodisten Kenda Creasy Dean, professor på Princeton Theological Seminary, har gitt ut fleire bøker om kristent ungdomsarbeid som har vorte toneangivande for tenkinga om *kristent ungdomsarbeid*, t.d. *The Godbearing Life* (1998), *Practicing Passion* (2004) og *Almost Christian* (2010). Her tek ho til orde for at kristent ungdomsarbeid i det post-kristne Vesten må gi unge eit møte

med ei levande og lidenskapleg kvardags-tru. Denne trua vert utvikla gjennom eit fellesskap som lever i og av kristne praksisar (som t.d. nattverd, bøn og vitnesbyrd) som er forma som "a cruciform pattern of self-giving love."¹⁷ Dean brukar mange bibelske narrativ og metaforar, både frå GT og NT, aktivt i hennar kreative og konstruktive nytenking av dei teologiske rammene for kristent ungdomsarbeid. Likevel unngår ho spørsmål og tema som direkte tematiserer skriftsyn, sjølv om ho appellerer til at ein i kristent ungdomsarbeid må "claim a peculiar God-Story," noko som det kanskje er mogeleg å forstå som ein posisjon mellom eit openberingsteologisk og kerygmatiske skriftsyn.¹⁸ Det som pregar Deans tenking, og som er typisk for veldig mykje av tenkinga innanfor kristent ungdomsarbeid er at ho argumenterer for at kristent ungdomsarbeid må læra frå missiologien. Det er Bibelens misjonale narrativ som er den paradigmatiske grunnforteljinga for kristent ungdomsarbeid i ein meir eller mindre post-kristen vestleg kontekst, og med dette misjonale narrativet som grunnmønster vil oftast inkarnasjonen verta modell for kristent ungdomsarbeid: "Seeking to imitate God's own missional strategies, youth ministers (and youth ministry literature) overwhelmingly advocate incarnational ministries with young people – with varying degrees of theological sophistication and success."¹⁹ I den grad Dean tematiserer Skriftas autoritet, så er det nettopp som eit slikt sendingsnarrativ, at mennesket er sendt til noko som er større enn det sjølv, til ein kjærleik større enn seg sjølv. Det er denne forteljinga om Guds handling gjennom Kristi grensebrytande og sjølvgivande kjærleik som Dean appellerer til. Det er ei forteljing det, i følge Dean, er verdt å gi seg hen til: "This is what an incarnational view of mission

looks like: the human translation of divine action into the world.”²⁰

Felles for både Dean og Roebben er at dei understrekar kor viktig det er, særleg i møte med identitetssøkjande unge menneske, å forstå Skrifta som narrativ, som ei potensielt identitetsskapande forteljing. Ein som utviklar dette perspektivet vidare i høve til kristent ungdomsarbeid er den amerikanske metodisten Fred P. Edie, professor ved Duke Divinity School. Edie skriv ut frå den meir liberale og kulturkritiske Emory-tradisjonen. I boka *Book, Bath, Table, and Time* (2007), tek han, ved hjelp av den liturgiske teologen Gordon Lahtrop si *ordo*-tenking om kristen gudstenestefeiring,²¹ til orde for følgjande: ”I propose to foster biblical literacy by creating the conditions and employing the pedagogies for the Bible to be properly encountered as narrative, one that tells the story of God’s redemption of the world.”²² Elles tematiserer Edie ikkje skriftsyn heilt direkte, men han tematiserer absolutt skriftbruk. Han vil med boka si utfordra til å forstå Bibelen som noko som heng organisk saman med kyrkjjas andre *ting* (som t.d. dåp og nattverd og tidspraksis). Edie appellerer difor til å utvikla eit kristent ungdomsarbeid der ein ”read and perform the Bible as story.”²³ Denne tilnærminga er det også mogeleg å forstå som ein krysning av eit openberingsteologisk og kerygmatiske skriftsyn, slik som ein anar tendensar til hos Dean.

Alle figurantane vi har sett på til no har kome frå det som i ein amerikansk kontekst vert omtalt som *Mainline Churches*. No skal vi sjå på eit bidrag frå ein ”youth ministry-teolog” som kjem frå den meir konservative og evangelikale delen av amerikansk kyrkjeliv, nemleg Walt Mueller. I boka *Engaging the Soul of Youth Culture* (2006) reflekterer Mueller til liks med alle som arbeider teologisk

med kristent ungdomsarbeid over korleis ein skal handtera spenninga mellom den samtidige (ungdoms-)kulturen og kyrkjjas oppdrag og tradisjon. Mueller drøftar først kyrkjjas rolle, men han går så vidare til å sjå på korleis ein skal forstå Bibelen i relasjon til ungdomskulturen. Han åtvargar mot å lesa inn i Bibelen det vi ønskjer å høyra, og særleg går han til åtak på kristne amerikanar som tenderer mot ei ”bunker”-forståing av Bibelen og den kristne tradisjonen, der ein trur det er mogeleg å halda seg (berre) med særleg kristne alternativ, som t.d. *kristen* musikk og film.²⁴ Dette meiner Mueller lett kan føra til ei dualistisk livshaldning, som ikkje er bibelsk, sidan ”the Scriptures were written from the perspective of a Hebrew worldview that didn’t separate life into categories of things that were spiritual and things that were not.”²⁵ Mueller identifiserer i staden, ved hjelp av John Stotts konsept ”evangelical integrity,” ei anna hovudutfordring for kristent ungdomsarbeid, nemleg korleis unge menneske som les Bibelen skal greia å finna ein veg ”through the confusing moral ambiguity thrown at them by our post-modern culture on a daily basis.”²⁶ Sjølv om Mueller skil seg frå dei tre førre figurantane ved å bruka eit noko anna språk og også tematisera det han forstår som samtidas forvirrande moralske ambivalens, er det flest likskapar: Alle er opptekne av at kristent ungdomsarbeid er inkarnatorisk og relasjonelt.²⁷ Og i den grad skriftsyn vert aktualisert som tema, så er det som del av ein større kontekstuell, teologisk refleksjon, og ikkje som eiga sak, eller som den store saka som alt anna avhenger av. Som dei andre, brukar Mueller bibelske narrativ aktivt. Særleg er det Paulus som vert brukt, og som ein inspirasjon til kristent ungdomsarbeid viser Mueller til at Paulus si teneste var kjenneteikna av ”faithfull-

ness and flexibility” i møte med utfordringane frå samtdskulturen.²⁸ Muellers avsluttande bruk av N.T. Wrights kommentarar om Paulus sin tale på Areopagos er difor på mange måtar ei god oppsummering for korleis mange innan kristent ungdomsarbeid tenkjer om spenninga mellom Skrifta og kulturen:

Affirmation, confrontation, and outflanking opposition: If you want to interact with and transform your culture, study the Areopagus speech and see how Paul went about his task, then go and do likewise – if you dare. Affirm what you can and should be affirmed, confront what can and must be confronted, and outflank that which is looking in the right direction, but which then turns back and settles for second best.²⁹

Totalt sett ligg også dei eksplisitte og implisitte refleksjonane over skriftsyn hos Mueller helst i krysningspunktet mellom eit openberringsteologisk og kerygmatiske skriftsyn.

Ei av dei svært få bøkene om kristent ungdomsarbeid som heilt direkte tematiserer skriftsyn er Andrew Roots vesle bok, *Taking Scripture to Youth Ministry*.³⁰ Root er professor ved Luther Seminary St. Paul, Minnesota og er truleg den mest innflytingsrike forfattere innanfor ”youth ministry”-feltet i dag, også internasjonalt. Han er oppvaksen i den konservative, lutherske Missouri-synoden, men han er no medlem i ein presbyteriansk kyrkjelyd, der kona er pastor. Root argumenterer i boka si for at ungdommens og samfunnets syn på kunnskap har endra seg. Tidlegare var kunnskap noko som i større grad vart tradert ovanfrå og nedover. No er kunnskap vorte ”demokratisert,” også fordi kunnskapen ofte er lett tilgjengeleg. Dette skiftet i synet på kunnskap gjer at ein ikkje kan nærma seg

Bibelen som ei informasjonskjelde, evt oppslagsbok, hevdar Root. Ein kan ikkje tenkja at Bibelen er noko som skal formidlast i rein form ”nedover,” nettopp fordi kunnskap er ”something to play with, something you interact with, something you construct meaning with,” argumenterer han.³¹ Med utgangspunkt i ei parallell lesing av ungdomskulturen og forteljinga om Filip og den etiopiske hoffmannen (Apgj 8, 26-40) argumenterer Root for at ungdommar er ”hermeneutiske dyr” som forsøker å fortolka verda dei lever i for å sjå om ho gir mening. Frå dette perspektivet er det viktig å halda fast at Bibelen ikkje er Gud sjølv, men linse som gjer det mogeleg for oss å sjå Guds handling i verda. Ungdommar må difor ikkje berra læra seg om ting som står i Bibelen, men dei må læra å *bruka* Bibelen som ei linse dei kan tolka livet med i lys av Guds handling i den krossfeste Kristus: ”Young people need to encounter God, and the Bible can *function* (it can uniquely function) to reveal the triune God. But the Bible itself is *not* the triune God,” understrekar Root.

Root går vidare til å drøfta Skriftas autoritet. Her argumenterer han for at ein ikkje tar Skriftas autoritet på alvor ved å prøva å dekkja over eller oppheva paradoksa i den kristne trua og i Bibelen. I staden vil han at vi skal læra ungdom å gi seg hen til desse paradoksa:

The contradiction of the Bible is that the story of divine action comes to us in a book that is simply, and profoundly human. The Bible was like all other books, and it contains all the shortcomings and fallibilities of any written text. Like the natures of Jesus, the nature of the biblical text is fully and completely human. It is a human book written by human hands. Unlike Islam’s understanding of the Koran, Christia-

nity never contends that its sacred book fell out of heaven. The Bible is a 100 percent human book. (...) At the same time, the Bible is totally divine in terms of what it does or, maybe better, in terms of how God uses it to accomplish something extraordinary.³³

Med dette som utgangspunkt understrekar Root kva Bibelen ikkje er: Ho er, i følgje Root, ikkje ei ”divine reference book” som gir deg enkle, mekaniske løysingar på alle livets utfordringar. Ho er ikkje ei historiebok. Ho er heller ikkje, eller i alle fall ikkje først og fremst, ei bok som kne-set ei rad med overordna prinsipp.³⁴ I staden framhever Root, ved å visa til Karl Barth, at Bibelen er *Guds ord*, fordi ho er eit vitnesbyrd, eit teikn som peikar til Guds handlingar i fortid, notid og framtid. Bibelen er teiknet Gud brukar for å peika på Gud sjølv, på Guds handling i verda.³⁵ Root utfaldar vidare ei ganske klassisk trefaldig forståing av *Guds Ord*: Bibelen (boka) er Guds Ord, fordi ho er det skrivne ordet som ber vitnesbyrd om Ordet som vart menneske. For det andre er Jesus Guds Ord, fordi Jesus fullt og heilt presenter kven Gud er. For det tredje viser Root til det forkynte Ordet. Dette forstår han som ”the action of taking the biblical text, dwelling on how God moves in our context, and speaking this to others.”³⁶ Med dette som bakgrunn, argumenterer Root for at Bibelen som bok ikkje har nokon autoritet i seg sjølv, fordi ”the Bible’s authority is conditioned by its ability to relay God’s action – this is what makes it unique from all other books.”³⁷

Heilt til slutt i boka utfaldar Root kva konsekvensar dette bør få for bibelbruk i ungdomsarbeid. Han hevdar at dersom Bibelen er ei bok som openberrar den levande Gud, så må måten vi les Bibelen på leia oss til eit liv som gir eit møte med den

levande Gud. Å lesa Bibelen bør leia oss inn i *vår* verd der Gud handlar, ikkje til verda *bak* teksten (som endestasjon). Difor bør Bibelen også lesast i *felleskap* som eit pågåande drama vi er inviterte til å delta i, avsluttar Root.³⁸ Hos Root finn ein naturleg nok eit meir eksplisitt skriftsyn uttrykt, men totalt sett skil ikkje dette skriftsynet seg dramatisk frå dei andre forfattarane vi har sett på. Root tek utgangspunkt i eit openberringsteologisk prega skriftsyn, og utfaldar dette i høve til *skriftbruken* mot ein, vidt forstått, kerygmatiske kontekst.

Med boka til Andrew Root som eit heiderleg unntak viser gjennomgangen av bøker om kristent ungdomsarbeid at bibelbruk, og særleg skriftsyn, i svært lite grad er tematisert eksplisitt i desse bøkene. Dette ser også til å gjelda norske bidrag til sjangeren.³⁹ Dei tydelege unntaka er bøkene frå Andrew Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry* (2012) og *The Theological Turn in Youth Ministry* (2011). Det er på mange måtar påfallande, og det representerer ei utfordring at så få av bøkene innafor denne sjangeren i det heile tematiserer skriftsyn eller skriftsynrelaterte spørsmål. For nokre av bøkene kan det kanskje ha med kva som er hovudfokus for boka. Denne analysen av det implisitte skriftsynet i bøker om kristent ungdomsarbeid må difor konkludera med at det ikkje er dekning for å hevda at denne litteraturen opererer med ei foundationalist-tese som hevdar at alt er avhengig av skriftsynet. Dette gjeld også bøker med eit meir konservativt utgangspunkt. Det er tvert i mot slik at skriftsynrelaterte spørsmål først og fremst dukkar opp når det er ei ”sak” som krev det. Her finst det ein viss korrespondanse til den lutherske tradisjonen, der skriftsynet ikkje er ein eigen trusartikkel (jf Confessio Augustana), men noko som vert tema-

tisert i ramma av andre praksisar eller problemstillingar. Det er ikkje eit eiga punkt for seg sjølv. Det er altså ikkje slik i desse bøkene om kristent ungdomsarbeid at skriftsynet er grunnsteinen som all teologisk refleksjon om kristent ungdomsarbeid byggjer på. Det ser ut til å gjelda for bøker frå ulike konfesjonell og teologisk bakgrunn.

I tillegg har denne analysen vist at det også er svært vanskeleg, om ikkje umogeleg, å finna bøker som omhandlar kristent ungdomsarbeid frå eit akademisk perspektiv og som også forfektar eit meir biblistisk prega (fundamentalistisk) skriftsyn. Dette kan ha noko med at storparten av dei som arbeider akademisk med kristent ungdomsarbeid på eit eller anna vis opererer i grensesnittet mellom ulike tradisjonelle protestantiske kyrkjesamfunn, eller i ein meir kulturopen evangelikal tradisjon, eller ein kulturopen katolsk tradisjon. Interessant nok er det den forfattaren som skriv med eit tydelegast luthersk utgangspunkt som også tydelegast tematiserer skriftsyn som ei eiga sak – Andrew Root. Men sjølv i meir konservative bidrag, som t.d. det frå Walt Mueller, er det få teikn til å utvikla ei biblistisk livssyn. Det har ikkje vore mogeleg å finna bidrag innanfor denne diskursen som hevdar at Bibelen er ufeilbarleg (i alt). I staden finn ein i dei fleste bidrag ein offensiv og tillitsfull bruk av bibelske narrativ, frå både GT og NT, for å adressera utfordringa med korleis kyrkja og kristent ungdomsarbeid kan gi avgjerande hjelp til ungdom med å utvikla identitet. Oftast vil bruken av desse bibelske narrative vera som ei typologisk, allegorisk eller metaforisk skrifttolking. Analysen har også vist at sjølv om fleire av desse bidrag både kreativt og kritisk arbeider med Bibelen og dei bibelske forteljingane si rolle i kristent ungdomsarbeid, og delvis

også korleis ein forstår Bibelens autoritet i høve til tradisjonen og samtdiskulturen, så er det svært få av bidraga, med unntak av Root, som tar for seg meir typisk skriftsynsproblematikk som korleis ein evt forstår Bibelen som inspirert og eller ufeilbarleg (ord for ord), korleis ein vurderer samanhengen mellom Bibelen og Guds openberring, og korleis ein evt forstår tilhøvet mellom GT og NT i høve til skriftsyn.

Men det som er påfallande er plasseringa av bibelbruken i ein tydeleg *samtidig kultur*-kontekst. Interesse for samtdiskulturens rolle i høve til kyrkja og kristent ungdomsarbeid er noko som i større eller mindre grad pregar all tenking om kristent ungdomsarbeid. Kristent ungdomsarbeid som kyrkjeleg praksis er tydeleg situert i spenninga mellom kyrkjeleg tradisjon og den framveksande populærkulturen. For mange vert det då utfordrande korleis ein skal forstå Bibelens autoritet i høve til spenninga mellom tradisjon og situasjon. Sentralt for dei fleste forfattarane innanfor "youth ministry"-sjangeren er erkjenninga av at teologisk refleksjon om kristent ungdomsarbeid og i kristent ungdomsarbeid skjer i ei uunngåeleg hermeneutisk bryting i spenninga mellom Guds sjølvopenberring i Kristus (evangeliet) og samtdiskulturen som *ramme* og *stad* for mottaking av dette evangeliet. Andrew Root er den som tydelegast og mest utførleg tematiserer dette, både frå eit meir ålment hermeneutisk perspektiv og frå eit meir spesifikt skriftsynsperspektiv. I det avsluttande utblikket vil eg kort vidareutvikla nokre av motiva til Root, særleg det som er knytt til å gi rom for paradoks og spenning i bibelbruk og bibelfortolking i kristent ungdomsarbeid. Dette er ikkje å forstå som eit fyldestgjerrande arbeid med skriftsyn og skriftbruk i ein evangelisk-luthersk tradisjon, men

det er ei forsøksvis utfalding av eit sentralt motiv for skriftsyn og skriftbruk i kristent ungdomsarbeid, nemleg den hermeneutiske spenninga som ligg i det å ta *både* den guddommelege openberringa som Skrifta vitnar om på alvor, og den menneskelege erfaringa på alvor. Eg vil i det følgjande argumentera for at nettopp *det* er eit sentralt moment i ein evangelisk-luthersk bibelhermeneutikk, og det er nettopp ved å erkjenna dette som ei *spenning* at det kan vera mogeleg å utvikla ein slitesterk hermeneutikk for skriftbruk og skriftsyn i kristent ungdomsarbeid.

Utblick

Vi har sett at bøker om kristent ungdomsarbeid ofte har fokus på den erfarte spenninga mellom samtidskulturen (populærkulturen) og den kyrkjelege tradisjonen. I kraft av kyrkjens misjonsoppdrag og det kontekstuelle imperativ, både forstått som kulturell relevans men også som stadingengjering av evangeliet, handlar det om å identifisera og kritisera nettopp denne spenninga. Det er ikkje berre tenkt som ei ytre spenning, men som ei spenning som også formar identiteten til den fortolkande – i dette tilfellet ”the youth minister.” På kva måte kan eit evangelisk-luthersk skriftsyn respondera på utfordringa som denne spenninga representerer?

Ei av dei gamle salmane som også har vorte svært populær som lovsong i kristent ungdomsarbeid er salma *Deg å få skode*. *Deg å få skode* er ei omsetjing av salma *Be Thou my Vision*. Det er ikkje poenget her å utfordra Arve Brunvolls norske omsetjing av *Be Thou My Vision*, men akkurat dette ”slagordet” fangar på ein presis måte opp det som er programmet i mykje samtidig, praktisk teologi. Teologisk refleksjon er å delta i Guds gjerning i dag. Praktisk teologi er ei bøn, om at Gud må vera vårt syn: *Be thou my*

vision. Det er ”participation in God.” Eg heiar på mange måtar på den pågåande fokusendringa i praktisk teologi, at teologi handlar om å delta i og *sjå* etter den tre-einige Guds gjerning i verda i dag, eller ”Discerning Christopraxis” som Root omtalar det som i *Theological Turn in Youth Ministry*.⁴⁰ Men for at dette ikkje skal bli ei form for *theologia gloriae*, så er ein avhengig av at eit slikt hermeneutisk program held seg med ei viss anfekting, med eit *tentatio*, ei erkjenning av den hermeneutiske spenninga det er å skulle sjå etter Guds nærvær i verda. I boka *Reclaiming the Bible for the Church* framhevar den amerikanske, lutherske teologen Robert W. Jenson nettopp dette: ”Reading Scripture closely and seriously means struggle, because lives and behavior are at stake and folk are not going to let us off with evasions. (...) The struggle itself is the hermeneutical principle.”⁴¹ Jenson lånar *tentatio*-termen frå Martin Luther og hans utfalding av kva som formar ein teolog. I følgje Luther er forminga av ein teolog, og med det ein kvar kristen, noko som skjer i vekslinga mellom bøn, fordjuping og anfekting – eller *oratio-mediatio-tentatio*. Så sjølv om vi, i ramma av kristent ungdomsarbeid eller andre kyrkjelege praksisar, ber ”Herre, gje meg dine augo!” eller ”Be Thou My Vision”, så kan vi ikkje triumfalistisk slå fast at det faktisk er slik det absolutt er. Vi kan ikkje påberopa oss uforbeholden tilgang til ei forståing av Guds røyndom. Vi må halda oss både med ein positiv teologi (*katafatisk*), av det som er mogeleg å seia om Gud, og ein negativ (*apofatisk*) teologi, om det vi ikkje kan seia om Gud. Forhandlinga mellom desse er også ein form for *tentatio*.⁴²

Det er difor heilt avgjerande å forstå både kristent ungdomsarbeid og (ut-)danning til teneste i kristent ungdomsarbeid

som ei karakterformande verksemd. Den teologiske treninga som vert bydd fram gjennom bøker om kristent ungdomsarbeid er ein del av dette, men må leva i samspelet mellom, og brytninga mot, dei andre teologiske stemmene (sjå ”four voices”-modellen tidlegare i artikkelen) og andre kyrkjelege praksisar som bøn, nattverd, lovsong og gjestfridom.

Denne artikkelen har fokusert på samanhengen mellom praksis og skriftsyn. I luthersk samanheng har ein ofte understreka at Skriftas autoritet vert hevda best ved å utfalda Skriftas innhald.⁴³ Korleis skal ein forstå dette i tenkinga om kristent ungdomsarbeid? Denne artikkelen har analysert skriftsyn i ramma av ein spesiell akademisk praksis, nemleg ”formal theology” om kristent ungdomsarbeid, her forstått som implisitt skriftsyn i bøker om kristent ungdomsarbeid. Men den akademiske praksisen ”youth ministry,” er ikkje ein tilfeldig akademisk praksis som eksisterer for seg sjølv. Det er ein teologisk, akademisk praksis, som er del av noko større, av kyrkjjas kjernepraksis – nemleg menneske som er sendt med Ordet, Kristus til verda. Det same poenget understrekar også den konservative teologen Reinhard Hütter:

As a distinct practice, however, it (theology) cannot do justice to this “end” in some abstract, “autonomous” freedom *over against* the church, but only by participating in the salvific-economic telos of the church as the public of the Holy Spirit such that by being qualified by and thus bindingly oriented toward the biblical canon, *doctrina*, and the core church practices, it allows itself through engagement in its own, distinct activity to be rapt ever anew in God’s freedom.⁴⁴

Difor er praksisen ”youth ministry”, her forstått som ”formal theology”, noko

ein må forstå som ei teneste for Guds pågåande handling i verda. Det hermeneutiske arbeidet som den teologiske refleksjonen står for hjelper til å utrusta og å utfordra. Utfordringsdelen handlar mykje om å drøfta kritisk korleis ei kvar tid, og eit kvar ungdomsarbeid for den saks skuld, projiserer sitt Jesus-bilete inn i fortolkinga. Det er umogeleg å ikkje gjera det. Det viktige er faktisk å etablera eit sjølvkritisk forhold til det. Her har teologien og den teologiske utdanninga, slik t.d. Root teiknar det opp, ei viktig rolle å spela, også i høve til kristent ungdomsarbeid.

Korleis bør ein så forstå skriftsyn og skriftbruk i ramma av eit evangelisk-luthersk ungdomsarbeid? Skrifta gir oss Ordet. Men Bibelen er ikkje ei rein oppskriftsbok eller ein svart boks. Skrifta er dynamisk, kraftfull, og levande. Først og fremst gir Skrifta oss Kristus, slik at vi skal gå ut i all verda for å gjera alle menneske til læresveinar. Dette misjonale disippelperspektivet er noko som vert delt av dei aller, aller fleste som skriv bøker om kristent ungdomsarbeid, om enn noko med litt ulik vektlegging. Eit skriftsyn som fører til ei kyrkje som *ikkje* i praksis deler dette evangeliet om den oppstadne – evt ein rein vedlikehaldsstrategi for kyrkja – kan i lengda bli ”ubibelsk.” Eller om vi fører dette endå vidare: Kva skriftsyn er det som ikkje brukar mykje av tida på å hjelpa dei fattige og kjempa mot urett? Som ikkje står opp for at vi så radikalt svikter forvaltinga av skaparverket? Med andre ord: Vårt skriftsyn vert avslørt i praksis. Det er også eit tydeleg poeng, om enn tidvis implisitt, i litteraturen om kristent ungdomsarbeid.

Ei evangelisk-luthersk forståing av skriftsynet si rolle i kristent ungdomsarbeid bør difor vera festa i ei inkarnatorisk forståing av Skrifta, og i oppdraget kyrk-

ja og kristent ungdomsarbeid har som formidlar. Det inneber også å adressa den hermeneutiske spenninga mellom samtidskultur og tradisjon ved å utsetja seg for det ein kunne kalla for *Skriftas sjølvvitnesbyrd*. Det er ikkje rom for å drøfta dette utførleg, men her vil eg berre framheva det kvart av evangelia sluttar med, og for den saks skuld det Apg.gj. startar med, nemleg ei sending – ei misjonsbefaling. Denne er litt ulikt formulert i dei ulike evangelia, men siktemålet er veldig tydeleg, slik det er formulert t.d. i Luk 24: Så sa han til dei: ”Dette var det eg tala til dykk om medan eg endå var saman med dykk, at det måtte oppfyllast, alt det som står skrive om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane.” Så opna han forstanden deira så dei kunne skjønna skriftingene, og han sa til dei: ”Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, og i hans namn skal omven-

ding og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem. De er vitne om dette.” Siktemålet med Skrifta, Skriftas sentrum og mål, er altså ei inkarnatorisk fundert sending til verda for å forkynna det nye livet i Kristus som vitnesbyrd. Eit evangelisk-luthersk fundert skriftsyn, i ramma av kristent ungdomsarbeid eller andre stader, er difor ikkje først og fremst ei intellektuell *apriori*-forståing av korleis ein skal forstå Bibelen som bok, men det er ein dynamisk del av det å stadig tolka livet og alle livets spenningar i lys av den treeinige Guds gjerningar i Kristus, i fortid, notid og framtid. Det handlar om den karakterformande verksemda det er å utvikla syn for Kristi nærvær i vår verd gjennom å høyra og fortelja, å lesa og la seg lesa av, den store og levande forteljinga som Bibelen ber vitnesbyrd om.

Noter

1. Uttrykket ”implisitt skriftsyn” vert her nytta parallelt med uttrykket ”formal theology.” Til dette sjå: Helen Cameron et al *Talking about God in Practice. Theological Action Research and Practical Theology*. (London: SCM 2010) og presentasjon av dette lengre ut i artikkelen.
2. Artikkelen er ein sterkt omarbeida versjon av innleiingsforedraget på fagdagen om skriftsyn, *Skriftsyn i endring*, på NLA Høgskulen tirsdag 3.desember 2013 med tittelen ”Skriftsyn i praksis.”
3. Til dette, sjå m.a. Kenda Creasy Dean, ”The New Rhetoric of Youth Ministry” *Journal of Youth and Theology* 2 (2003), 8-19.
4. Særleg fordi den teologisk-prinsipielle tenkinga om kristent ungdomsarbeid (”youth ministry”) er såpass ny som forskings- og formidlingsverksemd, er det mykje som tyder på at nokre av dei mest kjende bøkene på området i stor grad har fungert som premissleverandør for tenkinga om kristent ungdomsarbeid, ikkje berre i USA, men også i store delar av verda.
5. Til dette sjå t.d. Kenda Creasy Dean, *Practicing Passion: Youth and the Quest for a Passionate Church*. (Grand Rapids, Mich.: Eerdmans, 2004). For ein lengre gjennomgang av dette feltet (kristne praksisar i ”youth ministry”), sjå Bård Eirik Hallesby Norheim, *Kan tru praktiserast? Teologi for kristent ungdomsarbeid*. (Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2008) eller Bård Eirik Hallesby Norheim, *Practicing Baptism: Christian Practices and the Presence of Christ*. (Eugene, OR: Wipf&Stock Publishers, 2014).
6. Dei kallar forskinga si for Theological Action Research (TAR), som var utvikla under forskingsprosjektet Action Research: Church and Society. Sjå Helen Cameron, Deborah Bhatti, Catherine Duce, James Sweeney, Clare Watkins: *Talking about God in Practice: Theological Action Research and Practical Theology*. (London: SCM Press, 2007).
7. For ein meir utførleg presentasjon, sjå Torleiv Austad, *Tolkning av kristen tro: Metodospørsmål i systematisk teologi*. (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008), 100-113, særleg 105-106. Sjå også Torleiv Austad, ”Skriftens autoritet” i Torleiv Austad (red.), *Bibelen og teologien. Bidrag til skriftsynet*. (Oslo: Luther Forlag, 1982), 160-185.
8. Kenda Creasy Dean, Chap Clark og Dave Rahn, *Starting Right: Thinking Theologically about Youth Ministry*. (Grand Rapids, Mich.: Zondervan, 2001).
- 9 Dean et al, *Starting Right*, 123, 175-178, 258, 261, 209-210, 157-159.
10. Denne forfattaren har skrive eit responskapittel i boka.

11. Sally Nash og Jo Whitehead, *Christian Youth Work in Theory and Practice: A Handbook*. (London: SCM Press, 2014).
12. Til dette sjå særleg Nash et al, *Christian Youth Work*, 49-61, 63-64.
13. For ei drøfting av dette sjå Bård Eirik Hallesby Norheim, “‘Confessionality’ in youth ministry.” *Journal of Youth and Theology* 10 (2012) s. 48-64.
14. Bert Roebben, *Seeking Sense in the City: European Perspectives on Religious Education*. (Berlin: LIT-Verlag, 2009), 161.
15. Roebben lånar her dei første fire grunn-narrativa frå Friedrich Schweitzer, sjå Roebben, *Seeking Sense in the City*, 166.
16. Roebben, *Seeking Sense in the City*, 157, 163.
17. Dean, *Practicing Passion*, 15. For ei lengre presentasjon og drøfting av Deans teologi, sjå Bård Eirik Hallesby Norheim, *Practicing Baptism*.
18. Kenda Creasy Dean, *Almost Christian: What the Faith of Our Teenagers is Telling the American Church*. (Oxford: Oxford University Press, 2010), 45-108.
19. Dean, *Almost Christian*, 93.
20. Dean, *Almost Christian*, 97.
21. Gordon W. Lahtrop, *Holy Things: A Liturgical Theology*. (Minneapolis, MN: Fortress Press, 1993).
22. Fred P. Edie, *Book, Bath, Table and Time: Christian Worship as Source and Resource for Youth Ministry*. (Cleveland: The Pilgrim Press, 2007), 124.
23. Edie, *Book, Bath, Table, and Time*, 95.
24. Walt Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*. (Downers Grove, IL: InterVarsity Press), 157-159.
25. Walt Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*, 161.
26. Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*, 182-183.
27. Sjå t.d. Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*, 190.
28. Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*, 200.
29. Mueller, *Engaging the Soul of Youth Culture*, 213. Sitert frå N.T. Wright, ”Transforming the Culture,” *Latimer Fellowship* <http://latimer.godzone.net.nz/comment.asp#culture>.
30. Andrew Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*. (Grand Rapids, Mich.: Zondervan, 2012). Root behandlar liknande tematikk noko meir akademisk i boka *The Theological Turn in Youth Ministry* (2011), som han har skrive saman med Kenda Creasy Dean, men det er Root som har skrive kapitla som tek for seg bibelhermeneutikk og kristent ungdomsarbeid, sjå Andrew Root og Kenda Creasy Dean, *The Theological Turn in Youth Ministry*. (Downers Grove, IL: InterVarsity Press, 2011). Roots praktisk-teologiske og hermeneutiske grunnsyn er endå grundigare gjort greie for i boka *Christopraxis: A Practical Theology of the Cross* (2014), men i denne boka er det ingen spesiell drøfting av skriftsyn, sjå Andrew Root, *Christopraxis: A Practical Theology of the Cross*. (Minneapolis; MN: Fortress Press, 2014). Eg har i denne etter måten korte analysen tatt utgangspunkt i den første boka, sidan det er den som mest direkte tematiserer skriftsyn i kristent ungdomsarbeid.
31. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 26-27.
32. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 30-45.
33. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 54.
34. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 57-69.
35. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 77. Root understrekar vidare at Bibelen ikkje må bli lese ahistorisk, at det er viktig å lesa Bibelen i kontekst, i lys av ”the situation and understandings that the original writers had in mind,” Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 78.
36. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 88-89.
37. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 83.
38. Root, *Unpacking Scripture in Youth Ministry*, 93-114. Denne bibelhermeneutikken har Root utfalda mykje breiare i dialog med Ray Andersons *Christopraxis*-motiv i boka *The Theological Turn in Youth Ministry*. Her skriv Root om korleis vi skal leita etter Guds gjerning i våre liv og i verda som *Christopraxis*, i spennet mellom våre erfaringar og vitnesbyrdet om Guds handlingar gjennom historia.
39. Skriftsyn er t.d. ikkje tematisert i boka *Grensesprengende: Forkynnelse for ungdom 15-18 år* (2009), sjå Hans Austnaberg og Bård Mæland (red.): *Grensesprengende: Forkynnelse for ungdom 15-18 år* (Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2009). Det næraste ein kjem tematikken er truleg Knut Tveitereids kapittel i boka ”I interaktivitetens navn? Forkynnelse i grensesnittet mellom evangeliet, kirken og kulturen.” Her understrekar Tveitereid kor viktig det er i ungdomsarbeid å ta på alvor samanhengen og spenninga mellom kulturen, kyrkja og evangeliet.
40. Root, *The Theological Turn in Youth Ministry*.
41. Robert W. Jenson, “Hermeneutics and the Life of the Church” i Carl E. Braaten og Robert W. Jenson (red.) *Reclaiming the Bible for the Church*. (Grand Rapids, Mich.: Eerdmans, 1995), 94-95.

42. For ei breiare utfolding av dette temaet, sjå Bård Eirik Hallesby Norheim, "Cultivating a Vision of the Unseen: The Apophatic Mode of Practical Theology," *Journal of Ecclesial Practices* 1 (2015).

43. Ivar Asheim, "Et reformatorisk skriftsyn: Noen historiske holdepunkter," i Torleiv Austad, *Bibelen og teologien: Bidrag til skriftsynet*. (Oslo: Luther forlag, 1982), 46.

44. Reinhard Hütter, *Suffering Divine Things: Theology as Church Practice*. (Grand Rapids, Mich.: Eerdmans), 193.

SUMMARY: This article analyses the implicit understanding of the authority of Scripture in a selection of books articulating a theology for youth ministry. The most important finding seems to be that questions concerning the authority of Scripture seldom shape the theological reflections in books on Christian youth ministry. This should call for a need to develop this reflection further. The article therefore develops a more constructive Evangelical-Lutheran response, where understanding the interpretive work of understanding Scripture as *tentatio*, a hermeneutic struggle, is emphasized.

Keywords: View of the bible – Youth ministry – Hermeneutics – *Tentatio*